

Vest-Telemark Kraftlag AS

Vest-Telemark Kraftlag AS vart stifta i 1940 og er eigd av Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje kommunar. Selskapet driv med produksjon, omsetning, nett og breiband. Talet på årsverk er om lag 60. Produksjonen er organisert gjennom Skafså Kraftverk ANS (67%), Sundsbarm Kraftverk DA (8,5%) og Grunnåi Kraftverk AS (15%) på 240 GWh. Nettavdelinga har ei inntektsramme på 100 mill.kr., 14000 nettkundar og eit omfattande nett; - 7 trafostasjonar, 3000 km med linje/kabel (0,23 - 66 kV) og 940 nettstasjonar. Nettet har ei lokal avdeling i Treungen i Nissedal kommune. Hovudkontoret er på Høydalsmo i Tokke kommune. Høydalsmo ligg ved E134 sentralt i Vest-Telemark og har gode forhold for idrett og friluftsliv heile året. Bygda har ungdomsskule og berre 20 km til vidaregåande skule.

Ved hovudkontoret i Høydalsmo er det ledig stilling som

VERKSMEISTER

Vår verksmeister gjennom 33 år går av med pensjon til våren. Vi søker difor hans etterfylgjar for tilsetjing så snart som råd.

Ansvarsområdet er drift av VTK sin verkstad og sjå til at VTK sine bilar og utstyr til ei kvar tid er klare til bruk. Det betyr mellom anna vedlikehald og reoperasjon av VTK sine lastebilar med kraner, mannskapsbilar, snoscooterar, ATV'ar, tilhengarar, og spesialmaskiner. Totalt om lag 50 objekt. I tillegg kjem motorsager, bormaskiner og anna handverktøy. Dette er einaste stillinga på verkstaden, men eksterne bilverkstader blir leigd inn ved behov.

Me søkjer ein person med allsidig kompetanse og erfaring innanfor mekanisk arbeid. Du må kunne arbeide sjølvstendig og systematisk, men likevel vera fleksibel når situasjonen krev det. Det er ingen forskriftsmessige krav til formell kompetanse, men VTK set krav om relevant(e) fagbrev og digital kompetanse på brukarnivå. Den som blir tilsett bør helst ha alle aktuelle førarkortklasser.

Me kan tilby konkurransedyktige løns- og pensjonsvilkår. Velferdsordningar med mellom anna personalhytter.

Spørsmål om stillinga kan rettast til adm.direktør Ketil Kvaale (tlf. 35075720), nettsjef Gunnar Snarteland (tlf. 35075738) eller verksmeister Sigmund Lid (35075725). Annonse ligg også på **www.vtk.no**.

Søknad med CV og kopi av dei viktigaste vitnemål/attestar vert å sende pr e-post til **firmapost@vtk.no**.

Søknadsfrist: 18.november 2019